

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)  
v/sakshandsamar Magne Geir Verlo  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo

Bergen, 16.10.2014

## HØYRINGSUTTALE:

### SØKNAD OM OVERFØRING AV VÅTEKLEIVBEKKANE PÅ OSAFJELLET TIL LANG-SIMA KRAFTVERK I EIDFJORD, ULVIK HERAD

Vi syner til brev datert 26.6.2014 vedr. søknad frå Statkraft Energi AS om konsesjon for overføring av Våtekleivbekkane på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord, NVE saksnr. 201402607, med frist onsdag 15.10.2014.

**FNF Hordaland** er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonenes arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i Hordaland fylke. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelingen og Syklistenes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerar totalt over 36.000 medlemskap.

#### Om tiltaket

- Statkraft Energi AS planlegg å overføre Våtekleivbekken Nord og Våtekleivbekken Syd på ca. kote 1155 til Langvatnet via eksisterande overføringstunnel mellom Skrulsvatnet og Floskefonnvatnet.
- Med overføring til Langvatnet kan avrenninga frå bekkane utnyttast i Lang-Sima kraftverk i Eidfjord
- Overføringane er berekna til å gje ein auke i kraftproduksjonen på 6,1 GWh
- Tiltaket er definert som eit opprusting og utviding (O/U)-prosjekt
- Det er ikkje planlagt noko minstevassføring frå dei to bekkane


#### Generelt om Ulvik

Utdrag frå avsnitt 5 i "Fylkesplan for små vasskraftverk for Hordaland 2009-2021" - delområde 7 Ulvik-Eidfjord: "Store delar av området i høgjellet kring Ulvik og Eidfjord vert nytta til kraftproduksjon med overførte vassdrag og mange regulerte vatn. I følgje NVE si berekning er det er 81 potensielle utbyggingsprosjekt i delområdet, 50 av desse under 3kr/kWh, ..., det er store samanhengande område med sårbart høg fjell i delområdet. Heile fjordlandskapet, med djupskårne fjordar, bratte fjell med islett av kulturlandskap, er vurdert å ha stor verdi, ..., Eidfjordvassdraget er i særklasse det viktigaste laksevassdraget i denne regionen, med potensial til å vere Hordalands nest viktigaste laksevassdrag etter Vosso, men bestandssituasjonen er no kritisk. Elles er det fleire viktige sjøaurevassdrag med noko innslag av laks i dette området: Austdøla, Norddøla, Sima og Erdalselva. I tillegg er det eit eller eit par mindre sjøaurevassdrag i Ulvik, ..., Kinsarvik, Øvre Eidfjord, Simadalen og Osa er mykje nytta startpunkt for bruk av DNT sitt tur- og hyttenett på Hardangervidda".

Fylkesdelplanen oppsummerar til slutt med følgjande for Ulvik-Eidfjord delområdet: "har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare

FNF Hordaland, Tverrgaten 4-6, 5017 Bergen

Tlf: 55 33 58 19 Mobil: 936 62 409 E-post: [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)



*på landskaps- karakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Sårbart høgfjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak, det same gjeld for den viktige villaksbestanden i Eidfjordvassdraget. Ein må vere merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følgje av utbygging i randsona til større inngrepsfrie område. Området har store verdjar for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Mykje av vassdragsnaturen er alt er regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt".*

### Oppsummering


- FNF Hordaland er i utgangspunktet positiv til oppgraderings- og utvidings (O/U)-prosjekt, der det fører til kraftproduksjon utan spesielt negative konsekvensar for natur og miljø.
- Vi meiner det ikkje kan førekome negative påverknadar for laksefisk på anadrom strekning i Norddøla. Ein ytterlegare reduksjon i vassføring, sjølv om den prosentvis ikkje er så stor, vil potensielt vere negativt for laksefisk (laks og sjøaure) på anadrom strekning i Norddøla (2,5 km). Ved ein eventuell konsesjon, må difor avbøtande tiltak innførast, som skissert i rapporten ved stenging av inntaka til dei to bekkeinntaka i perioder desse vil ha særskild påverknad på vassføringa på anadrom strekning i Norddøla. Tidsramma for denne perioden er ikkje skissert i rapporten, så Rådgivende Biologer og NVE må vurdere lengda av ei slik stenging.
- Vi meiner NVE må vektleggje tapet av INON-områder (tap av 0,48 km<sup>2</sup> sone 2 og omgjering av 0,15 km<sup>2</sup> frå sone 1 til 2) i denne saka i samband med at ei eventuell utbygging vil gje ein begrensa produksjon på 6,1 GWh.
- Grunna høg utbyggingsgrad i området, så meiner vi NVE må gjere ein sumverknadsanalyse ved eventuelle framtidige konsesjonar i dette området.

### Konsulentrapport

Konsulentrapporten vedlagd søknaden omhandlar Rundavatn kraftverk med to bekkeinntak. Synfaringrutene er vist på fig. 6 (s. 20) og kun det sydlege av bekkeinntaka har vorte synfart – Randi Osen (Multiconsult) i 2008. I 2012 vart ikkje bekkeinntaka i Norddalen synfart grunna snø og tåke. Fire personar er gjengjevne på synfaringrutene, kvar to av dei kun har synfart stader (vatn, elvestrekningar) i samband med kraftverket. Relevant synfaringar for dei to bekkeinntaka er synfaringane gjort i Norddalen/Norddøla av Gaarder/Osen, samt det sydlege bekkeinntaket av Osen. I omsøkt prosjekt er kraftverket trekt ut, og det er kun dei to bekkeinntaka som er gjenverande, så meiner vi at det burde vorte gjort ei ny synfaring i bekkeinntaksområdet som faktisk omfattar begge inntaka jf. kunnskapsgrunnlaget (§ 8) i naturmangfaldlova. Slik rapporten no er framstilt av Multiconsult, og omsøkt prosjekt ikkje gjeld Rundavatn kraftverk. I det minste burde irrelevant stoff om kraftverket ha vorte teke ut av rapporten.

### Nedbørsfelt / vassføring - Norddøla

Om lag 39 % av nedbørsfeltet eller om lag 44 % av vassføringa til Norddøla er overført til Floskefonnvatnet (Lang-Sima). Prosjektet vil gje ytterlegare reduksjon i underkant av 4 % i Norddøla (anslått av Statkraft). Vi registrerer òg at rapporten frå Rådgivende Biologer bruker andre tal, td. at 49 % av vassføringa er overført og at reduksjonen i restfeltet vil vere på ytterlegare 5 % (avsnitt 2, s. 21).



## Fisk

Anadrom strekning, den strekning laksefisk kan vandre opp i eit vassdrag til dei møter første vandringshinder, er i Norddøla på 2500 m + 500 m i samløpet med Austdøla, som dessutan har ein laksefiskførande strekning på 900 m, som totalt gjev ein anadrom strekning på 3,9 km.


UniMiljø har i rapport nr. 223 – *Langsiktige undersøkelser av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger 2007-2012* undersøkt bl. a. Osavassdraget (Austdøla og Norddøla). I siste avsnitt *Gi en faglig tilråkning om nye tiltak som kan øke den naturlige rekrutteringen av ungfisk i vassdraget* foreslås det nokon enkle miljøtiltak (utplassering av steingripper, lågvassrenne, kantvegetasjon) før ein i siste punkt vert konkludert med at *"Vannføringsregimet vurderes som den største flaskehalsen for fiskebestandene, og det bør etableres en minimumsvannføring gjennom året for sikre forholdene for ungfisk i elva. En minimumsføring på rundt 300 l/sek vurderes som tilstrekkelig for å bedre forholdene for ungfisk i Austdøla. Et ekstra vannslipp er særlig viktig i tørre perioder om sommeren og vinteren da vannføringen kan komme ned på et nivå som er kritisk for ungfiskproduksjonen i elva"*.

I Vann-nett er vassførekomst Norddøla (051-6-R) i Ulvik herad gjeve "dårleg" økologisk tilstand med "risiko" for å ikkje oppnå miljømåla innan 2021. Vedrørande vassforvaltingsplanane som er ute på høyring i 2014 (høyringsfrist til utkast 31.12.2014), så har Vassregion Hordaland foreslått fleire tiltak for Norddøla (og Austdøla) i vassområde Hardanger, deriblant problemkartlegging i samband med at det ikkje er minstevassføring i elva (i samband med kraftregulering).

Under "*Virkning og konsekvensvurdering*" i rapporten, står det nedst s. 21 / øvst s. 22, at *"bekkeinntakene vil dermed ikke få påvirkning på vannføringen på de øvre deler av Norddøla, men ha betydning for vannføringen i den anadrome delen av elven (Brian Glover, pers. medd.). På anadrom strekning vil gjennomsnittlig vannføring reduseres med 0,09 m<sup>3</sup>/s, eller litt mer enn 5 % av dagens vannføring, eller ca. 3 % av opprinnelig vannføring. Det er ikke planlagt minsteslipp forbi inntakene i de to feltene. Det fraførte feltet ligger høyt og har trolig annet avrenningsforløp en mye av restfeltet som ligger lavere, det er sannsynlig at feltet bidrar relativt sett mest til vannføringen i Norddøla i slutten av smeltesesongen da det ligger igjen snø øverst, men er avsmeltet nederst. Det er ikke beregnet hvor stort dette bidraget kan bli, men kan trolig være betydelig i kortere perioder"*.

Konsulentrapporten konkluderer med "*liten negativ konsekvens*" for temaene verdifulle lokalitetar og fisk / ferskvatnsorganismar på anadrom strekning i Norddøla. Under "*Samlet virkning*" påpeikar rapporten at "*for anadrom strekning i Norddøla er det allerede fraført betydelige høyereliggende felt, og en ytterligere fraføring av felt som gir vanntilførsler i lavvannsperioder på slutten av smeltesesongen er uheldig for fisken*". Vidare under "*Avbøtende tiltak*" seier dei at eit avbøtande tiltak på anadrom strekning vil vere "*stengning av inntakene til de to små feltene i Norddøla i perioder da disse har betydelig påvirkning på vannføringen på den anadrome strekningen i Norddøla, vil eliminere den negative virkningen av disse inntakene*".

FNF Hordaland meiner det ikkje kan førekome negative påverknadar for laksefisk på anadrom strekning i Norddøla. Ein ytterlegare reduksjon i vassføring, sjølv om den prosentvis ikkje er så stor, vil potensielt vere negativt for laksefisk (laks og sjøaure) på anadrom strekning i Norddøla (2,5 km). Ved ein eventuell konsesjon, må difor avbøtande tiltak innførast, som skissert i rapporten ved stenging av inntaka til dei to bekkeinntaka i perioder desse vil ha særskild påverknad på vassføringa på anadrom strekning i Norddøla. Tidsramma for denne perioden er ikkje skissert i rapporten, så Rådgivende Biologer og NVE må vurdere lengda av ei slik stenging.



## Landskap / INON

Utbygging av dei to bekkeinntaka (Våtekleivbekkane) medfører tap av INON-sone 2 med om lag 0,48 km<sup>2</sup>, og endring frå sone 1 til sone 2 på om lag 0,15 km<sup>2</sup>. Under delkapittel "13.2.6 Landskap" i søknaden står det under "Inngrepsfrie naturområder (INON)" at "området som blir berørt er gitt middels verdi i fylkesdelplanen for små vannkraftverk (Hordaland fylkeskommune 2009)". Slik FNF les nevnte fylkesdelplan, så meiner vi området fell inn under sårbart høgfjellsområde med større samanhengjande og urørte høgfjellsområder (ref. INON), og ergo må verdisetjast til "stor verdi" jf. tabell 3.1 s. 14. Sjølv om Ulvik herad isolert har store områder med INON (50-60 % ref. søknad), så er slike områder nedadgåande (utsett for press) på landsbasis og det er svært viktig å vare på dei i størst mogleg grad. På Miljostatus.no står det under temaet "Inngrepsfri natur", pkt. 2 "Konsekvenser" at "områder uten tekniske inngrep blir sett på som en knapphetsressurs både i nasjonal og internasjonal sammenheng, og er en viktig del av den norske naturarven. Det er viktig å ta vare på disse områdene med "naturlig natur". De gir mulighet for unike naturopplevelser, er viktige for mange arter og er også noe som kommende generasjoner har rett til å oppleve". Vi meiner NVE må vektleggje tapet av INON-områder (tap av 0,48 km<sup>2</sup> sone 2 og omgjering av 0,15 km<sup>2</sup> frå sone 1 til 2) i denne saka i samband med at ei eventuell utbygging vil gje ein begrensa produksjon på 6,1 GWh.

## Friluftsliv


I regional samanheng er området klassifisert som verdi B, men det er viktig å understreka at den regionale kartlegginga til Hordaland fylkeskommune ikkje er ei verdisetjing av området i lokal samanheng. DNT-stien Osa til Hallingskeid er skildra i "Opptur Hordaland" (Anne Rudseng og Finn Loftesnes, 2. opplag, 2007). Prosjektering og detaljplanlegging må visa omsyn til friluftslivinteressene i influensområdet. Vi vil etterspørre ei betre visualisering av bekkeinntaka i landskapet, og ei betre landskapsmessig visualisering av at bekkestrengane vert fjerna frå området med omsyn til DNT-stien.

## Samla belastning (sumverknadar)


Vasskraftsutbygging i Eidfjord kommune og Ulvik herad er av stor karakter, bl. a. grunna Sima kraftverk, som er nest størst på landsbasis etter Kvilldal i Rogaland, i tillegg til ei rekkje småkraftverk. Under følgjer ein tabell som syner at den totale utbyggingsgraden i området er høgt. Vi meiner NVE må gjere ein sumverknadsanalyse ved eventuelle framtidige konsesjonar i dette området.

## Eksisterande / planlagde prosjekt i delområde Ulvik-Eidfjord:

Utbygging	Kva (påverknad)	Kor frå/til (elver/vatn)
<b>Vasskraft:</b>		
<b>Eidfjord-Nord utbygging: Sy-Sima kraftverk og Lang-Sima kraftverk</b> (begge lokalisert i fjellhall i Simadalen med avløp til sjø i Simadalsfjorden, felles betegnelse Sima kraftverk)	Eidfjord-Nord utbygging:	Omfattar vassdraga Sima og Austdøla/Norrdøla i Osa, i tillegg til Bjoreio
Lang-Sima - 1130 GWh	Overføring av dei øvre felta	Norrdøla og Austdøla til magasina Langvatnet,



		Rundavatnet og Skrulsvatnet
Sy-Sima - 1755 GWh	Overføring av	Bjoreio, Leiro, Isdøla og Skytjedalselva med magasineringsmagasinering i Rembedalsvatnet og Sysenvatnet
<b>Reguleringsmagasin for Eidfjord-Nord utbygginga</b>	<u>LRV/HRV (moh.)</u>	<u>Regulering (m)</u>
<b>Sy-Sima</b>		
Sysenvatnet	874/940	66 m
Rembedalsvatnet	860/905	45 m
<b>Lang-Sima</b>		
Langvatnet	1110/1158	48 m
Rundavatnet	1013/1040	27 m
Skrulsvatnet	1100/1115	15 m
<u>Andre reguleringar Sima kraftverk:</u>		<u>Regulering</u>
Grøndalsvatn		12 m
Kvillinganutvatn		15 m
Austdalsnutvatn		27 m
Regulering i Bjoreio 1.12.11 – 13.4.13:	Slepp av 0,4 m <sup>3</sup> /sek i perioden 15.12 – 31.3 og reduksjon frå 12 m <sup>3</sup> /s til 11,5 m <sup>3</sup> /s v/ Vøringsfossen i perioden 1.6 – 15.9	
<b>Kraftverk Eidfjord kommune:</b>	<u>Produksjon (GWh)</u>	<u>Status</u>
Isdal pumpe og kraftverk	18,7 GWh	Søknad under behandling – høyringsfrist 25.2.14
Skytjedal pumpe og kraftverk	26,7 GWh	Søknad under behandling – høyringsfrist 30.8.14
Isdøla kraftverk	5,94 GWh	I søknadskø
Drøllstølsbekken kraftverk	9,50 GWh	I søknadskø
Storlia kraftverk	26,0 GWh	Gitt konsesjon 2005, framleis ikkje utbygd
Leiro kraftverk		
Tveitafoss kraftverk	8,50 GWh	Kom i drift i 1948
<b>Kraftverk Ulvik herad:</b>	<u>Produksjon (GWh)</u>	<u>Status</u>
Ulsberg minikraftverk	3,40 GWh	Søknad under behandling – høyringsfrist 14.6.13



Forum for  
Natur og Friluftsliv  
Hordaland

Vambheim kraftverk	8,00 GWh	Søknad under behandling – høyringsfrist 21.2.13
Viermyr – og Austdøla kraftverk	35,9 GWh	Meldingsfase (KU-sak), fastsatt 18.10.11
Solsæ kraftverk	15,3 GWh	I søknadskø
Tysso kraftverk	27,0 GWh	I søknadskø
Ulvik kraftverk	102 GWh	Ferdigbygd 1974
Finse kraftverk	3,90 GWh	Konsesjon gjeve 26.11.10
Grasbotntjørni pumpe – Sima kraftverk	8,01 GWh	Konsesjon gjeve 22.03.13
Erverv og regulering av Tysso i Ulvik		05.11.71, endring av manøvr. regl. 27.11.74
Reg. av Finsevatn m. v. – planendring		13.11.64
<b>Kraftliner:</b>		
Leidning mot Aurland i nord	420 kV	
Leidning mot Dagali i aust	420 kV	
Leidning mot regionalt nett i Eidfjord	66 kV	
Linje Sima - Samnanger	420 kV	I drift 2013
Nabovassdraget i sør; Kinso, er regulert, det same er vassdraget i aust; Numedalslågen		

Med venleg helsing  
Lars Einar Torgilstveit  
Fylkeskoordinator  
FNF Hordaland

Oddvar Skre  
Leiar Naturmangfaldgruppa  
Naturvernforbundet Hordaland



**Naturvernforbundet**  
i Hordaland

Alv Arne Lyse  
Fylkessekretær  
NJFF Hordaland



NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND

Nicolas Rodriguez  
Naturvernansvarleg  
Bergen og Hordaland Turlag



**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Eidfjord kommune  
Ulvik herad

FNF Hordaland, Tverrgaten 4-6, 5017 Bergen  
Tlf: 55 33 58 19 Mobil: 936 62 409 E-post: [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)